



Arkivnr: 2014/18508-1

Saksbehandlar: Anna Elisa Tryti

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		27.08.2014

#### Kristenretten jubileum 2024 - konferanse på Bømlo 15.8.2014

##### Samandrag

Hordaland fylkeskommune mottok søknad av 28.5.2014 frå Bømlo kommune om deltaking som arrangør av konferansen «Moster 2024 og vegen dit...». Det vert i søknaden også oppmoda om økonomisk tilskot til konferansen. Konferansen skal vere på kulturhuset på Svortland 15.08.2014. Fylkesordføraren lyt difor avgjere saka på sommarfullmakt.

I 2024 er det under planlegging eit 1000årsjubileum for at Kristenretten blei opplest og vedteken på Mostratinget. Bømlo kommune og Moster amfi A/S har teke initiativ til å skipe ein konferanse for å få dokumentert og vurdert om 2024 er verd eit nasjonalt jubilum på Moster. Konferansen og jubileet vart teken opp med Hordaland fylkeskommune i eigarmøte 25.05.14, og spørsmålet om deltaking som medarrangør er løfta fram i etterkant av dette møtet.

Fylkesrådmannen finn det naturleg at Hordaland fylkeskommune er medarrangør og bidreg med kr. 20 000 til dekning av utgifter til konferansen. Det kan vere snakk om eit nasjonalt jubileum, 1000 år for kristenretten. Hordaland fylkeskommune eig 50% av Moster Amfi, og som eigar er det naturleg å stø at anlegget vert nytt til slike store arrangement. Konferansen vil då verte dekka i ei deling mellom Bømlo kommune, Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Hordaland Fylkeskommune. Deltaking som arrangør for konferansen føreset ikkje at Hordaland fylkeskommune tek del økonomisk ved eit eventuelt jubileum i 2024.

##### Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune skal vere medarrangør av konferansen «Moster 2024 og vegen vidare dit...», i høve 1000års markering av Kristenretten.

Hordaland fylkeskommune løyver kr. 20 000 til konferansen.

Budsjettet vert endra slik:

Konto 10.400.735.00.14700 Tilskot til andre kulturføremål aukar med kr 20 000.

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 20 000.

Johnny Stiansen  
fung fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 03.07.2014**

Utdrag frå søknad:

**«Litt om konferansen 15.08.14:»**

Konferansen er lagt til Kulturhuset vårt på Svortland.

Tida for konferansen er 15.08.14. med start kl 15.00 og blir avslutta med framsyning av musikalen West Side Story i Moster Amfi.

**Mål med konferansen:**

Nærme oss eit grunnlag og dokumentasjon på om 2024 – 1000 års markering for at Kristenretten blei opplest og vedteken på Mostratinget i 1024, er verd ei nasjonal feiring.

**Arrangørar er:** Bømlo kommune, Bømlo Teater, Moster Amfi, Samarbeidsrådet for Sunnhordland og vonleg Hordaland Fylkesskommune.

**Målgruppe er:** Stortingspolitikarar frå Rogaland og Haugaland, Formannskapa i Karmøy, Hgsd., Sveio, Bømlo, Stord og Sveio. Kulturutvala i Hordaland og Rogaland. Destinasjonsselskapa på Haugalandet og Visit Sunnhordland. Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Kulturadministrasjonen i Hordaland og Rogaland.

**Foredragshaldarar:**

Fylkeskultursjefen/professor Knut Helle/ Rettshistorikar og jurist Jørn Øvrehagen Sunde.

Svein Tindberg: Nytt manus Mostraspelet med fokus på Olav Haraldsson og Kristenretten.

Paneldebatt.

**Skisse til budsjett:**

**Budsjettskisse:** Utgangspunkt er 100 deltagarar.

Utgifter tekst	Utgifter kr.	Inntekter tekst	Inntekter kr.
Foredragshaldar	5000,-	Konferanseavgift: 1024,-x 100	102.400,-
Leige kulturhus + tekniske support	10.000,-	Samarbeidsrådet: Yter tilskott:	
Bevertning: 350,- x 100	35.000,-	Hordaland fylkesskommune:	
Teaterbillett: 540,- x 200	108.000,-	Bømlo Kommune: Koordinering konferanse.	60.000,-
Lønskostander koordinering konferanse. Kostnader utsending og fakturering.	60.000,-	Moster Amfi: dekker aperitiff i Sagatunet.	2.000,-
Utlegg servering Sagatun:	2.000,-	Bømlo Teater still x plasser til disp.	14.600,-
Totalkostnad:	220.000,-	Inntekt totalt:	179.000,-

Differanse 41.000,- må dekkast av t.d. Hordaland Fylkesskommune og eller Samarbeidsrådet.

Som det går fram av budsjettet yter Bømlo kommune 60.000 i løn og fakturering.»

**Fylkesrådmannen si vurdering:**

Konferansen tek mål av seg å etablere kunnskap om det er grunnlag for eit nasjonalt jubileum for opplesinga av Kristenretten på Mostratinget i 1024. Som ein av eigarane i Moster Amfi A/S er Hordaland fylkeskommune interessert i at denne type store arrangement skal leggast til anlegget.

Konferansen har som målgruppe stortingspolitikarar og fylkestingspolitikarar frå to fylke, Hordaland og Rogaland, samt politikarar frå fem kommunar, dessutan reiselivsaktørar i fylka, kulturadministrasjon og Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Konferansen har difor i seg sjølv som arrangement også ei klar regional interesse, som møtestad for nasjonale, regionale og kommunale aktørar. Det er difor naturleg at Hordaland er med som arrangør for dette møtet mellom politikk, forvaltning og reiseliv.

I søknaden – underteikna av ordføraren i Bømlo – heiter det m.a:

«Differanse 41.000,- må dekkast av t.d. Hordaland Fylkeskommune og eller Samarbeidsrådet.»

Ordføraren opplyser no at kr 20.000 er ein tilstrekkeleg sum frå fylkeskommuen.

Fylkesrådmannen vil gjere merksam på at stønad til denne konferansen ikkje føreset økonomisk stønad til eit eventuelt jubileum.

Vedlegg:

Epost frå ordførar Odd Harald Hovland av 28.05.2014  
Konferanseprogram